

Granvin Båtlag
v/Hans Jakob Mæland
5736 Granvin

GRANVIN HERAD	
Saksid:.....	10/79-6
Dato:.....	19 OKT. 2010
Eining.....	TE Saksh. KJF
Arkivkode:.....	L12

18.10.10

Granvin Herad
5736 Granvin

Søknad om oppstart av planarbeid for båthamn på nedre Røystrand GNR. 121 BNR. 1,2 og 3 i Granvin herad.

Granvin Båtlag søker om oppstart av arbeidet med ein detaljreguleringsplan for Granvin småbåthamn, gnr. 121, brn. 1,2 og 3. Tiltaket er i tråd med kommuneplanen sin arealdel for Granvin herad, vedteken i 2009. Tiltakshavar har vore i dialog med grunneigarane, men har ikkje avtale om leige eller bruk av arealet.

Med privat reguleringsplan forstår ein:

Reguleringsplan/detaljplan etter § 12-1 og 12-3, tiltakshavar (utbyggjar) tar initiativ, avklarar dette med kommunale styringsmakter, og deretter utarbeidar planen. Framlegg til plan vert sendt til heradet, som deretter tek over ansvaret for sakshandsaming med innhenting av merknader til planen og eventuelt krev endringar i planen før den vert lagt fram for vedtak i heradsstyret.

Tiltakshavar:

Granvin Båtlag er tiltakshavar.

Planområdet:

Planområdet er Gnr. 121, Bnr. 1, 2 og 3, nedre Røystrand, Granvin herad.

Planområdet er avgrensa som vist på kartutsnitt nedanfor, og området er ca. 1,2 daa på land og ca. 6 daa på sjø.

Planområdet ligg sentralt i Granvin Herad med nær tilknytning til sentrum.

Planens føremål:

Føremålet med detaljreguleringsplanen med tilhøyrande reguleringsføresegner vert å regulera til småbåthamn og allmennyttig føremål (rekreasjonsområde)
Det skal etablerast plass for sjøsetting av båtar, toalettanlegg, parkeringsplassar, avfallsmottak og servicebygg som er knytt opp mot drift av anlegget.
Sentralt i arbeidet vil også sikring og flaumtiltak for Skreelva vera tema.

Verknad av planen:


Detaljreguleringsplanen vil leggja rammene for gjennomføring av tiltaka.

Vidare sakshandsaming:


Etter meldingsfristen vil sjølve planframlegget verta utarbeida, og deretter sendt til Granvin herad for sakshandsaming.

Etter første gongs handsaming vert planen sendt til høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil då verta høve til å koma med merknader til planframlegget før vidare politisk handsaming.

Med helsing
Granvin Båtlag


Steinar Dahle


Hølge Hauger


Hans Jakob Mæland

Vedlegg: Kartskisse